

Utlysning av stipend til skriving av stor masteroppgave (70 sp); Rettslege rammer for berekraftig godstransport i byar.

Kan du tenke deg å bruke femte studieår på å skrive ei masteroppgåve på Forskerlinja (70 sp) knytt til rettslege rammer for berekraftig godstransport i byar? Du kan då få arbeide i eit pågåande tverrfagleg forskingsprosjekt i samarbeid med [NHH](#) og [CET](#), med partanarar frå akademia, forvaltning og privat sektor, og få ekstra tett fagleg oppfølging og rettleiing, i tillegg til eit gunstig stipend på kr. 75 000. Studentar som fullfører Forskerlinja får også eit stipend på kr 25 000 fra Noregs Forskringsråd.

Stipendet er ein del av forskingsprosjektet [CITYFREIGHT](#), og vi lyser ut eit masterstipend i juss som varer haust 2021-vår 2022. Prosjektet er finansiert av Noregs Forskringsråd, og partnar på Det juridiske fakultet er professor [Sigrid Eskeland Schütz](#), som også vil rettleie masterstipendiaten.

Prosjektet er starta opp, og spanande forskning er i gang på NHH og CET. Serleg relevant for dei rettsleg spørsmåla er arbeidet ved CET, der det pågår intervju og forskning knytt til private aktørar og forvaltning som arbeider med godstransport i byar.

Bakgrunnen for prosjektet er auke i folketal i byane, som leier til meir gods inn og ut. Veksten gjer godstransport i typisk kompakte norske byar utfordrande, og med relevans for mange byar i utlandet. Transportutfordringa vert større som følgje av auka netthandel, etterspørsel etter rask levering og færre private bilar i sentrum til varetransport. Resultatet er ei auke i det totale volumet av gods, og meir kritisk, i det totale antallet leveransar administrert av eit stort utval av transportselskap. Med mindre det er planlagt og regulert, kan ein konsekvens bli auka trafikk, med auka energibruk, som konkurrerer om tilgjengeleg plass i byen, og med negativ innverknad på levekår. For å svare på utfordringa må offentlige styresmakter søke etter innovative måtar å handtere auken i godstransport.

CITYFREIGHT samarbeider nært med styresmakter som er ansvarlege for byutvikling og regelverk. Prosjektet fokuserer på styresmaktene si rolle, gjennom analyser av reelle saker. Hovudmålet er å gi byar ei verktøykasse for å evaluere større avgjerder som har til mål å gjere godstransport i ein by meir energieffektiv og berekraftig. Prosjektet vil 1) modellere godstransport i ein by på eit detaljnivå som gjer det mogleg å ta politiske avgjerder bygd på forståing av korleis transportselskap vil reagere på ulike reglar for godslogistikk. 2) gje oversikt over eksisterande juridiske rammer, identifisere barrierer og foreslå endringar. 3) forstå korleis innbyggjarar vil reagere på effekten av forskjellige reglar. 4) bygge kapasitet gjennom samproduksjon av kunnskap innan relevante offentlege og private organisasjonar. 5) ta andre byer enn Bergen inn i diskusjonene ved å bruke Bergen som labororium.

Du står fritt til å føreslå emnet for masteroppgåva sjølv, men det må ha en klar tilknytning til prosjektet. Døme på aktuelle tema kan vere:

- Utfordringar knytt til rettsleg fragmentering av ansvaret for styring og forvaltning av berekraftig godstransport i kompakte byar.
- Rettslege skrankar for å få til nye, berekraftige logistikklysingar for godstransport i kompakte byar.
- Utfordringar knytt til, og indre samanheng mellom, nasjonal, regional og lokal kompetanse til å forvalte og regulere godstransport.

- Rettslege rammer for koordinerte løysingar og tvungen samlokalisering av logistikk-knytepunkt for godstransport i kompakte byar.

Stipendet er skattefritt. Det er ein føresetnad for stipendet at masterkandidaten deltek i [Forskergruppe for naturressursrett](#) ved Det juridiske fakultet, og i aktivitetar knytt til CITYFREIGHT.

Stipendet er knytt til [JUS397](#) Forskerlinja.

Kontakt professor (og prosjektleiar) Sigrid Eskeland Schütz for meir informasjon om utlysinga og moglege tema. Har du spørsmål om Forskerlinja generelt, eller ynskjer faglege innspel til projektet du planlegg å søke opptak med, kan du kontakte [Synne Sæther Mæhle](#) (emneansvarleg for Forskerlinja). Spørsmål av praktisk art kan rettast på epost til masteroppgave.jurfa@uib.no

Slik søker du

Søknad skal sendast til Det juridiske fakultet på e-post til masteroppgave.jurfa@uib.no eller med ordinær post til Universitetet i Bergen, Det juridiske fakultet, Postboks 7806, 5020 Bergen.

Søknadsfristen er **18. mai**, og oppstart er august 2021. Merk søknaden «*Masterstipend CITYFREIGHT 2021/2022*».

Som vedlegg til søknaden må du sende/levere følgande:

- Prosjektskissa må handsame kjelde- og metodespørsmål i tillegg til å skildre emne og problemstilling for oppgåva. Se krava til prosjektskisse for søknad om opptak til JUS397 forskerlinje på [Forskerlinjen ved Det juridiske fakultet](#).
- CV
- Karakterutskrift
- Eventuelt attestar frå fagleg relevant arbeid

Vurderingskriterier og krav til søkarar

I vurderinga av søknad til masterstipend vert det lagt vekt på oppnådde resultat på integrert masterprogram i rettsvitenskap og prosjektskissa. Hovudregelen er eit krav om karakterar som dokumenterer et høg fagleg nivå, tilsvarande det som er stilt for opptak til Ph.d.-programmet. Dei faglege kvalitetane til prosjektskissa veg også tungt i vurderinga.

Stipendmottaker må vere registrert som student ved Det juridiske fakultet i Bergen og ha fullført 4. studieår.

Stipendmottakar kan tas opp på det Det juridiske fakultet si [forskerlinje](#) (70 sp).